



Ålfotbreen
verneområdestyre

Møteinnkalling

Utval:	Ålfotbreen verneområdestyre
Møtestad:	Teams
Dato:	20.02.2026
Tidspunkt:	08:00

Eventuelt forfall må meldast snarast til verneområdeforvaltar. Vararepresentantar møter etter nærare beskjed.

Saksliste

Utvalgs-saksnr	Innhold	Lukket	Arkiv-saksnr
ST 1/26	Godkjenning av innkalling og sakliste		
ST 2/26	Val av styremedlem som skal signere protokoll		
RS 1/26	Ålfotbreen verneområdestyre - orienteringssaker til styremøte 1/2026		2019/10793
ST 3/26	Ålfotbreen verneområdestyre - Høyring om endringer i regelverket om miljø- og kulturmiljøkriminalitet		2025/17896
ST 4/26	Ålfotbreen verneområdestyre - Utvikling av Mettenes som innfallsport		2026/2869
ST 5/26	Ålfotbreen verneområdestyre - fordeling av tiltaksmidlar for 2026		2019/4056
ST 6/26	Ålfotbreen verneområdestyre - revidering av besøksstrategien for Ålfotbreen		2025/14973
ST 7/26	Ålfotbreen verneområdestyre - møteplan for 2026		2019/2582
ST 8/26	Eventuelt		

ST 1/26 Godkjenning av innkalling og sakliste
ST 2/26 Val av styremedlem som skal signere protokoll



Arkivsaksnr: 2019/10793-30
Sakshandsamar: Alf Erik Røyrvik
Dato: 13.02.2026

Utval	Utvalssak	Møtedato
Ålfotbreen verneområdestyre	1/26	20.02.2026

Ålfotbreen verneområdestyre - orienteringssaker til styremøte 1/2026

Innstilling frå forvaltar

Styret tar orienteringssakene til vitande.

Saksopplysningar

Delegerte vedtak

Ingen

Økonomi

Tildeling av driftsbudsjett til styret er ikkje kome når sakspapira vart skrivne, men det er venta at desse midlane kjem 17.februar. Informasjon vil då bli ettersendt.

Vokteren

I desse dagar går programmet Vokteren på Tv2. Produksjonen var interesserte i å bruke verneområdet i innspelinga, men mengda motorferdsel var ikkje foreineleg med regelverket i verna område. Delar av innspelinga har likevel gått føre seg i utmarksområda ved landskapsvernområdet. Dei første episodane var spelt inn i Nordalsfjorden og etter det har dei flytta seg til hylleformasjonane rett utanfor landskapsvernområdet ved Førdedalen i Bremanger



Rapportering av meldingar til politiet

Miljødirektoratet sende i januar eit brev til verneområdestyret med oppmoding om å rapportere tilbake kor mange saker styret har meldt til politiet i 2025. Forvaltar har rapportert tilbake at styret ikkje har meldt nokon saker til politiet.

Klargjering av omgrepet "Militær operative virksomhet"

Klima- og miljødepartementet har sendt brev til verneområdestyret der dei presiserer og klargjer kva som ligg i omgrepet "militær operativ virksomhet", som i verneforskrifta er unntatt forbodet mot motorferdsel i verneområdet. Klargjeringa går på om militære øvingar er inkludert i omgrepet. Ordinære militære øvingar er ikkje ein del av unntaket, men utrykkingsøvingar med militært personell er inkludert og har derfor generell dispensasjon. I Ålfotbreen vil det kanskje vere mest aktuelt om 330-skvadronen i Florø skal øve i verneområdet.



Arkivsaksnr: 2025/17896-2

Sakshandsamar: Alf Erik Røyrvik

Dato: 02.02.2026

Utval	Utvalssak	Møtedato
Ålfotbreen verneområdestyre	3/26	20.02.2026

Ålfotbreen verneområdestyre - Høyring om endringar i regelverket om miljø- og kulturmiljøkriminalitet

Innstilling frå forvaltar

Forvaltar har ikkje konkrete merknader til forslaget, men støttar på generell basis skjerping av straffer som forhåpentlegvis vil ha preventiv verknad.

Saksopplysningar

Dokument i saka:

- Høyringsbrev frå Klima- og miljødepartementet
- Høyringsnotat frå Klima- og miljødepartementet

Bakgrunn

Klima- og miljødepartementet (KLD) føreslår endringar i regelverk om miljø- og kulturmiljøkriminalitet og legg endringsforslaget ut på offentleg høyring med frist 25.februar 2026.

Endringane gjeld først og fremst skjerping av strafferammene for ulike lovbrøt. Mange strafferammer vert heva frå 1 år til 2 år, frå 2 år til 5 eller 6 år eller frå 6 til 10 år. Føremålet er at lovverket skal ha større preventiv effekt og slik førebygge alvorlege lovbrøt.

I tillegg føreslår dei å flytte myndigheit til å gje overtredelsesbegyr frå Staten naturoppsyn til Miljødirektoratet, slik tilsette i miljøforvaltninga utanfor SNO og kan gje gebyr. Dei ber i tillegg om innspel på om Politiet og skal få slik mynde.



Vurdering

Miljøkriminalitet er heldigvis ikkje noko stort problem i Ålfotbreen landskapsvernområde. Vi har ikkje hatt alvorlege saker i verneområdet sidan det vart verna i 2009. Forvaltninga og naturoppsynet har oppdaga nokre mindre lovbrøt, men desse har ikkje ført til strengare reaksjonar enn rettleiing og informasjon om regelverket.

Det er likevel naivt å tenke at det ikkje kan skje. Då er det viktig at vi har eit klart og anvendeleg lovverk som gjer til at det offentlege og eventuelt rettsvesenet kan reagere. Det må vere klart kven som har mynde til å følgje opp saker og gje gebyr, bøter eller andre straffer. Desse straffene må vere strenge nok til å ha preventiv verknad.

Det siste er veldig viktig med tanke på at verneområdet er stort, og det er umogeleg å kontrollere all aktivitet og ferdsel der. Då er det risiko for å bli oppdaga kombinert med strenge nok straffer som samla sett må gje nok preventiv effekt.

Forvaltar har ikkje merknader til dei konkrete punkta og paragrafane i endringsforslaget. Styret vert likevel oppmoda om å ta ein generell diskusjon om forslaget.



Arkivsaksnr: 2026/2869-1
Sakshandsamar: Alf Erik Røyrvik
Dato: 11.02.2026

Utval	Utvalssak	Møtedato
Ålfotbreen verneområdestyre	4/26	20.02.2026

Ålfotbreen verneområdestyre - Utvikling av Mettenes som innfallsport

Innstilling frå forvaltar

Forvaltar har ikkje innstilling i saka.

Saksopplysningar

Dokument i saka:

- Besøksstrategi for Ålfotbreen landskapsvernområde
- Avtale med grunneigar på Mettenes frå 2016

Saksopplysningar

Gardane på Mettenes ved Nordfjorden mellom Hyefjorden og Ålfoten er veglause. Den vanlegaste tilkomsten hit er med båt, som regel frå Gloppen.

Frå Mettenes går det ein merka sti oppover mot fjellet. Stien går mot Gullsmedhytta, Skarvevatnet og ein kan gå vidare mot Gjegnen og andre turmål. På grunn av denne stien er Mettenes definert som ein innfallsport til Ålfotbreen LVO i besøksstrategien, men er ikkje plassert blant dei fire med høgast prioritet.

Det er likevel gjort nokre tilretteleggingstiltak her. Stien vart merka for ein del år sidan. Det er og montert ein wire som ein kan halde seg i gjennom oppgangen til Sælebotskora. Og ikkje minst har forvaltninga sett opp brua ved Skarvevatnet.



Grunneigarane på Mettenes har bygd seg ei hamn. Den er sprengt inn i fjellet slik at dei får ein trygg og skjerma stad å legge båtane sine. Tidlegare har dei hatt store utfordringar med sjø, bølger og vind som har herja både med båtar og kaier. Grunneigarane gjekk lenge med planar om å få til ei betre løysing, men det tok tid å komme i gong. Dei var avhengig av å få transportert ut ein del store maskiner med spesialferje eller lekter.

I 2016, før bygginga av hamna tok til, skreiv dåverande verneområdestyre ein avtale med grunneigar Martin Mettenes om støtte til bygginga mot at ålmenta fekk tilgang til å bruke hamna. Det vart betalt 140.000 (inkl. mva den gongen) til tiltaket frå tiltaksmidlane, mot at ålmenta fekk disponere ein båtplass i hamna. Avtalen har ei lengde på 15 år, som betyr at den gjeld til 2031. Det var ein enkel avtale, og den art ikkje tinglyst.

Etter litt tid kom bygginga i gong, og hamna vart sprengt ut i fjellet på Mettenes. Seinare har det blitt jobba med å gjere ferdig «innmaten» i hamna, slik at den vert betre å bruke både for grunneigarar og besøkande. Denne jobben har grunneigar stort sett gjort sjølv i ledige stunder, og det har derfor tatt ein del tid. Forvaltar veit ikkje kor mykje som er brukt på arbeidet totalt sett, men det er ein god del.

Det står framleis att ein del arbeid med innmaten i hamna, som grunneigar har planar om å få gjort i 2026. Han vil ha ein del kostnader til material og utstyr. I praksis vil hamna no bli oppgradert frå ei trygg og brukande hamn der ein kan legge båten, til ei hamn som er innbydande og fin å bruke. Spørsmålet er om verneområdestyret skal bidra med meir tiltaksmidlar no i ferdiggjeringa, og i so fall på kva vilkår.

Forvaltar har hatt møte med Martin Mettenes der vi har diskutert planane og ein eventuell avtale. Mettenes er framleis positiv til at ålmenta får tilgang til å bruke hamna, so lenge det er på visse vilkår. Mellom anna ei avgrensing på storleik på båt. Her er plass til småbåtar, men ikkje store cabincruiserar eller tilsvarande. Han vil og sette pris på økonomisk bidrag, helst ved at verneområdeforvaltninga dekkjer nokre av kostnadane direkte. Grunneigar vil då gjerne ha mindre bidrag over fleire år framfor ein stor utbetaling.

Styret har tidlegare vore positiv til å bruke tiltaksmidlar til tiltaket, men vil ha meir konkrete planar og ein langvarig, tinglyst avtale. Helst ein avtale som ikkje er tidsavgrensa, altså evigvarande.

Miljødirektoratet har stadfesta at tiltaket er kvalifisert til å få tiltaksmidlar når de er ein innfallspurt. Dei har ikkje nokon bestemte krav til avtale, men meiner ein bør prøve å få til ein varig og tinglyst avtale. Alternativt viser til at avtalar om statleg sikra friluftsområde ofte er på 40 år, og meiner det kan vere ein peikepinn.

Vurdering

Styret må ta stilling til om ein skal gå vidare med planane om å få på plass ein avtale og bruke tiltaksmidlar til tiltaket. Og kva vilkår som bør vere i ein slik avtale.

Verneområdeforvaltninga (hovudsakleg tidlegare styre) har allereie brukt ein del midlar på tilrettelegging i området. Ein stad mellom 250.000 og 300.000 er brukt på tilretteleggingstiltak og drift av infrastruktur her. Eit vidare engasjement for Mettenes som innfallspurt vil vere med å sikre at desse investeringane er mest mogeleg til nytte.



Samstundes er det ei kost/nytte-vurdering opp mot kor mange som bruka området og stiane. Sidan ein må ha båt for å komme seg til Mettenes er det ikkje veldig mange som brukar det i dag, og potensialet for høge besøkstal er nok heller ikkje so stort som dei innfallsportane som har bilveg. Helst er dette prioriteringar som skal gjerast i besøksstrategien.

Økonomisk har ein nok «råd» til det. Vi har få tiltak på blokka i 2026, og dette er eit tiltak som ikkje krev mykje jobb frå forvaltninga.

Der er lauslege planar om å gjere Gullsmehytta meir tilgjengeleg for ålmenta. Det er Sogn og Fjordane Energi som eig hytta og den fungerer som eit velferdstilbod for deira tilsette. I tillegg har grunneigar bruksrett. Mettenes er kanskje det enklaste utgangspunktet for tur til Gullsmehytta og det einaste med merka sti til hytta.

Forvaltar har ikkje diskutert lengde på ein eventuell avtale med grunneigar. Om ein skal ha ein varig rett eller ein langvarig avtale so er det naturleg å tenke at kompensasjonen må stå i stil til det. Jo lenger avtale jo større kompensasjon.

Spørsmål til diskusjon i styremøtet:

1. Er det god bruk av tiltaksmidler å legge meir pengar i Mettenes som innfallsport? (Kost/nytte-vurdering)
2. Er det riktig å bruke offentlege tiltaksmidler på ei privat hamn?
3. Kor mykje er det rimeleg å bruke?
4. Kva krav og vilkår skal ein sette i in avtale, som kompensasjon for økonomisk bidrag?
5. Bør ein vente med å ta stilling til dette til ny besøksstrategi er på plass?



Arkivsaksnr: 2019/4056-37

Sakshandsamar: Alf Erik Røyrvik

Dato: 12.02.2026

Utval	Utvalssak	Møtedato
Ålfotbreen verneområdestyre	5/26	20.02.2026

Ålfotbreen verneområdestyre - fordeling av tiltaksmidler for 2026

Innstilling frå forvaltar

1. Styret held på prioriteringa i søknaden og fordeler tiltaksmidlane so langt dei rekk på tiltaka i den prioriterte rekkefølga dei står i.
2. Verneområdestyret gjev forvaltar fullmakt til omdisponering av midlar mellom tiltaka opp til kr 15.000. Omdisponering av meir enn kr 15.000 krev godkjenning frå styret.
3. Av grunnstøtte drift vert 6000 kr sett av til tilsyn med brua ved Skarvevatnet og 5000 til tilsyn og drift av toalett i Hope. Resten av den tildelte summen vert ståande ufordelt og kan nyttast til oppdukkande behov gjennom året eller dei kan gå inn i tiltaka i søknaden.



Saksopplysningar

Dokument i saka:

- Søknad om tiltaksmidler til Ålfotbreen for 2026
- Tiltaksplan for Ålfotbreen landskapsvernområde
- Tildeling (vil bli ettersendt)

Fakta i saka

Ålfotbreen verneområdestyre søkte før jul i 2025 om totalt 320.000 i tiltaksmidler til Ålfotbreen i 2026, fordelt på tre tiltak. I skrivande stund har vi ikkje fått tildelinga og då heller ikkje tilbakemelding på om dei innmeldte tiltaka er godkjent eller ikkje. Vi har fått signal om at vi får tildelinga 17.februar. Det er etter at sakspapir er sendt ut, men før sjølve møtet.

Tiltaka som er meldt inn er, i prioritert rekkefølge:

1. Toalett i Førdedalen
2. Opprydding av skrot og søppel i Grøndalen
3. Støtte til hamna på Mettenes

Sjølvsom vi ikkje har fått tildelinga av midlar so kan styret likevel gjere nokre prioriteringar.

Oppføring av eit toalett i Førdedalen vil vere eit særskilt godt og nyttig tiltak for dei besøkande. Både dei som brukar Førdedalen som innfallspunkt og utgangspunkt for turar i landskapsvernområdet og dei som berre besøker Førdedalen for å klatre, buldre eller gå tur der. Tiltaket vil vere avhengig av avtale med grunneigarane, både for sjølve bygningen og for drift og tilsyn.

Opprydding av skrot i Grøndalen er eit ganske enkelt og greitt tiltak. Det ligg ein del restar frå ein forfallen bygning ved Grøndalsstøylen. Sjølve jobben vil bli gjort av naturoppsyn og forvaltar, kostnaden her gjeld transport med helikopter.

På Mettenes vil eit eventuelt økonomisk bidrag til hamna vere avhengig av ein avtale med grunneigar. Det har både styret og Miljødirektoratet tidlegare sett som krav. Styret bør i tillegg vurdere kor vidt ein skal bruke midlar her på ei privat hamn som har moderat med besøk. Vi har ei eiga sak på det i møtet.

I tillegg til tiltaksmidlane, får styret høgst truleg 50.000 kr i grunnstøtte til vedlikehald og drift av infrastruktur. Midlane kan brukast til planlagt drift, settast av til konkrete tiltak og/eller dei kan brukast til behov som dukkar opp i løpet av året.

Handsaming i møte

Styret skal fordele og prioritere dei tildelte tiltaksmidlane, og gjerne legge ein plan for arbeidet med tiltak ut over året. Tiltaksmidlane skal brukast på dei tiltaka som er ført opp i søknaden. Skal ein ta inn nye tiltak, må det klarerast med Miljødirektoratet. Styret står fritt til å endre prioritering og justere summar frå søknaden.



Arkivsaksnr: 2025/14973-3

Sakshandsamar: Alf Erik Røyrvik

Dato: 13.02.2026

Utval	Utvalssak	Møtedato
Ålfotbreen verneområdestyre	6/26	20.02.2026

Ålfotbreen verneområdestyre - revidering av besøksstrategien for Ålfotbreen

Innstilling frå forvaltar

Forvaltar har ikkje innstilling i saka.

Saksopplysningar

Dokument i saka:

- Besøksstrategi for Ålfotbreen LVO (2019)
- Prosjektplan for revidering av besøksstrategien
- Rettleiar frå Miljødirektoratet
- Utkast/arbeidsversjon per 06.02

Bakgrunn

Ålfotbreen verneområdestyre har vedteke å revidere besøksstrategien for landskapsvernområdet. På siste styremøte i 2025 vedtok styret ein prosjektplan som legg opp til at arbeidet skal skje i 2026, med målsetning om å sende strategien til fagleg godkjenning hos Miljødirektoratet før utgangen av 2026.

Saksutgreiing

Når vi no er i gang med å revidere besøksstrategien, som er styret sitt dokument, er det heilt avgjerande med ein god diskusjon i styret kva besøksstrategien skal vere og kva den skal innehalde. Dokumentet følgjer ein plan og ein rettleiar, men styret har likevel ein ganske stor fridom til å tilpasse og definere korleis strategien skal vere. Det vil mellom anna vere naturleg å tilpasse dokumentet til storleiken på verneområdet, omfanget av besøk og kompleksiteten i utfordringane som besøk fører med seg i området.



Ålfotbreen har ein gjeldande besøksstrategi som vart skriven og vedteken i 2019. Dokumentet kan brukast som utgangspunkt og mal for den nye strategien, det er i alle fall gjort til no.

Strategien er delt inn i 4 kapittel:

1. Innleiing
2. Kunnskapsgrunnlag
3. Mål og strategiske grep
4. Tiltaksplan

Innleiinga er oppdatert. Den tek for seg litt om kva ein besøksstrategi er og seier vidare ein del om rammene for besøksstrategi og besøksforvaltning. Den seier og litt om kva ressursar og verkemiddel forvaltninga har tilgjengeleg. Her er det ikkje gjort so mykje endringar frå den gamle besøksstrategien, men det er gått gjennom og forenkla litt.

Kunnskapsgrunnlaget er ein veldig viktig del. Det skal gje kunnskap til å ta strategiske val og danne eit utgangspunkt for å nå måla. Mykje av kunnskapsgrunnlaget frå 2019 kan brukast vidare, men det må og oppdaterast noko.

Den kunnskapen vi har er ikkje veldig omfattande og ikkje veldig kvalitetssikra. Vi har lite tal og statistikk å bygge på, men brukar heller innspel, erfaringar og munnlege kjelder. Vi har noko tal, hovudsakleg besøks- og overnattingstal frå DNT-hyttene. Ut over det er det vanskeleg å finne tilgjengeleg statistikk. Vi kan hente inn sjølv, men det vil ta tid og krevje ressursar.

Uansett er det ikkje so viktig å ha eksakte tal over besøk. Det er nok viktigare å kunne seie noko om utviklinga i besøk og ferdsel. Aukar det, går det ned eller held det seg stabilt? Her kan sjølv enkle parameter gje oss ein peikepinn.

Erfaringar og subjektive vurderingar vil og kunne brukast. Dei som jobbar i forvaltninga, dei som jobbar med reiseliv, dei som er aktive i frivillige organisasjonar og ikkje minst grunneigarar har truleg sine oppfatningar og kan gjere vurderingar om besøk og ferdsel i området. Desse vurderingane kan gje oss peikepinnar, men må brukast med omhu og atterhald. Kvalitetssikring er vanskeleg.

Styret bør tenke litt over kva kunnskap ein ønskjer å ha. Er det noko som manglar i den førre strategien som vi vil ha med no? Er det noko som er uvesentleg og bør takast ut?

Vi har dessverre lite kontakt med destinasjonsselskapa og andre reiselivsaktørar i det daglege virke og i rådgjevande utval. Forvaltar har derfor teke initiativ til å ha eigne møter med destinasjonsselskapa for å få innsikt i deira tankar, planar og behov som er relevante for Ålfotbreen.



Målsetningar

Kva målsetningar skal vi sette for besøk og besøksforvaltning i Ålfotbreen for dei komande åra? Det er her naturleg å sjå til måla i den eksisterande besøksstrategien, og so vurdere om desse skal vidareførast eller endrast.

Når vi kjem til mål og strategiske grep er det at den mest spennande og kreative delen av arbeidet begynner. Her har styret eit visst handlingsrom til å sette mål og gjere strategiske grep for å nå dei måla. Nokre val og prioriteringar må gjerast. Dei må sjølvstendig vere innanfor rammene som regelverket set og innanfor det som er realistisk.

Døme på strategiske grep som vart gjort sist, er å slå fast kva innfallsportar som skal prioriterast. Andre kan vere å seie noko om kva informasjon om verneområdet som skal sendast ut og korleis ein skal kommunisere den ut. Denne delen kan gjerast som ein slags workshop litt ute i prosessen når kunnskapsgrunnlaget er meir eller mindre på plass.

Som i andre prosjekt og strategisk arbeid, so er det viktig at vi har konkrete mål som i alle fall til ein viss grad er målbare.

Mål i den eksisterande strategien:

Ålfotbreen verneområdestyre har sett opp følgjande målsetningar for besøksforvaltninga:

3.1.1 Mål for verneverdiane

- Den ville, storslagne og urørte landskapet skal bevarast og framhevast som Ålfotbreen landskapsvernområde si sterkaste merkevare.
- Kunnskap om Ålfotbreen skal føre til meir kunnskap om den spennande geologiske historia og om kva klimaendringar kan ha å seie for vèret og endringar av brelandskapet.

3.1.2 Mål for reiselivet

- Vi ynskjer at meir kunnskap om Ålfotbreen landskapsvernområde skal føre til auka turisme, meir bruk av området til friluftsliv og undervisning, og at dette igjen kan vere med å skape eller støtte opp under turistnæring.
- Vi ynskjer at fleire næringsaktørar skal tilby produkt innan berekraftig opplevingsturisme i tilknytning til Ålfotbreen landskapsvernområde.

3.1.3 Mål for dei besøkande

- Ålfotbreen landskapsvernområde skal verte meir kjent både lokalt, nasjonalt og internasjonalt.



Døme på sentrale spørsmål i den strategiske diskusjonen:

(NB: Vi treng ikkje finne svar på alle desse i første møte)

- Korleis ta vare på verneverdiane og sårbar natur?
- Kva informasjon skal vi formidle og korleis?
- Kva innfallsportar skal vi prioritere?
 - Kva skal vere i innfallsportane av tilrettelegging og tilbod
- Kva slags infrastruktur skal vi ha inne i og rundt verneområdet?
 - Skal det vere skilnad på tilrettelegging inne i verneområdet og utanfor?
 - Kva standard skal vi ha?
- Skal ein satse på ei viss målgruppe av besøkande?
- Korleis kommuniserer vi med ulike aktørar (grunneigarar, organisasjonar, reiseliv, anna næringsliv, kommunar)

Dette er som sagt døme, men då naturlege døme på ting som bør vere med i ein besøksstrategi. Styret kan legge til andre spørsmål, ta vekk spørsmål og endre dei som står her.

Tiltaksplan

Til sist skal ein sette opp ein tiltaksplan, for å nå måla og i tråd med dei strategiske grepa. Det blir handlingsdelen av strategien, og tiltaksplanen vil logisk nok legge sterke føringar på søknad om tiltaksmidlar i framtida, og prioritering og bruk av det som blir tildelt.

Tiltaksplanen bør vere konkret. Den må minimum seie noko om kva tiltak som skal gjerast, kor tid og kven som har ansvar. Den bør og seie noko om finansiering og samarbeidspartar. Den skal samstundes vere kort. Meir detaljerte skildringar og prosjektering av korleis tiltaka skal gjennomførast bør ein legge i eigne dokument og vedlegg.

Tiltaksplanen skal som sagt bygge på kunnskapsgrunnlaget, målsetningane og dei strategiske grepa. Det må vere ein raud tråd og ein logisk samanheng mellom desse delane. Tiltaksplanen blir laga heilt til slutt.



Spørsmål og tema til diskusjon i styremøte:

- Er kunnskapsgrunnlaget dekkende?
Om ikkje, kva saknar de?
- Er det noko i kunnskapsgrunnlaget de meiner er feil eller av andre grunnar bør skrivast om?
- Vil de begynne å diskutere visjon og målsetning for strategien i dette møtet, eller vi de gjere det i det neste?

Utval	Utvalssak	Møtedato
Ålfotbreen verneområdestyre	7/26	20.02.2026

Ålfotbreen verneområdestyre - møteplan for 2026

Innstilling frå forvaltar

Styret fastset datoar for:

- Styremøte 2/2026
- Styremøte 3/2026
- Styremøte 4/2026
- Møte med Rådgjevande utval
- Eventuell studietur

Saksopplysningar

Verneområdestyret må sette opp ein møteplan for 2026. Det er lagt opp til fire styremøte i løpet av året i budsjettet og det er og det som er minimum i følgje vedtektene til styret. I tillegg skal det vere minst eitt møte med Rådgjevande utval, og styret bør og sette av datoar for ein eventuell studietur.

Forvaltar har gått gjennom møteplanane til dei respektive kommunane og fylkeskommunen slik at vi skal unngå å kollidere med datoane. Eg har sjølv sagt ikkje høve til å sjekke datoar opp mot jobb og private planar, og derfor er det naudsynt at vi tar ei runde i styre og finn datoar for møta.

Styret kan og gjerne fastsette stad for dei enkelte møta. Styremøte nr 1 og nr 4 er mest vanlege å ha som innandørs møte eller digitalt møte. Styremøte nr 2 og nr 3 kan gjerne kombinerast med tur eller synfaring. Vi brukar å ha ei viss rullering på møtestadane slik at vi besøker alle kommunane og ulike stader.

Eg har ikkje lagt opp til møte over fleire dagar, og vi har heller ikkje tradisjon for det. Men det kan vi absolutt legge opp til dersom det er ønske om det. Kanskje særleg aktuelt er det dersom vi kombinerer møte med tur til ei hytte eller liknande. Det krev jo då at vi finn to dagar som passar.

Aktuelle datoar for styremøte

Styremøte 2/2026:

18.mai	29.mai	19.juni
19.mai	8.juni	22.juni
21.mai	9.juni	23.juni
22.mai	11.juni	24.juni
26.mai	12.juni	25.juni
28.mai	15.juni	26.juni

Styremøte 3/2026:

31.aug	21.sept	28.sept
1.sept	22.sept	1.okt
7.sept	23.sept	2.okt
8.sept	24.sept	
11.sept	25.sept	

Styremøte 4/2026:

16.nov	27.nov	4.des
19.nov	30.nov	7.des
23.nov	1.des	10.des
24.nov	2.des	11.des
25.nov	3.des	



Rådgjevande utval

Styret kan gjerne sette dato for møte i Rådgjevande utval allereie no. Vi brukar å ha eitt fast møte med utvalet på hausten kvart år. Utvalet har sjølv sagt at dei helst vil ha det i september. Det er då nærliggande å legge møtet saman med styremøte 3/2026 dersom det er praktisk mogeleg.

Det kan vere aktuelt med eit ekstra møte i Rådgjevande utval for å diskutere revidering av besøksstrategien. Det kan og vere ein del av det ordinære møtet dersom det passar.

Studietur

Styret har tatt høgde for studietur i budsjettet og søknaden om driftsmidlar. Styret hadde ønske om å ha studietur i fjor, men vi fann ikkje tid. Studietur bør kombinerast med eit møte, og det er gjerne møte 2 eller 3 som er mest aktuelle. Skal ein først få utbytte av ein studietur bør ein helt legge opp til to overnattingar.

Eg vil anbefale å legge studietur til enten mai/juni eller august/september. Då er det kjekkare og tryggare å reise på tur, vi ser meir og det er enklare å kome seg ut i naturen.

NB: Styret for Jostedalssbreen får besøk frå styret for Folgefonna 17- til 19.august. Dei skal då ha felles studietur rundt breen og fagleg opplegg, i tillegg til sosialt samvær og utveksling av erfaringar. Ålfotbreen verneområdestyre kan vurdere å slenge seg med på denne turen, det har dei nok ikkje noko i mot.

ST 8/26 Eventuelt